



## Innkalling

---

<b>Utval:</b>	Formannskap
<b>Møtestad:</b>	Grendahuset
<b>Dato:</b>	26.09.2024
<b>Tid:</b>	Kl. 09:00

---

Representantar med lovleg forfall eller som er ugilde i nokon av sakene, må snarast råd melde frå på telefon 57 78 62 00 eller e-post [post@solund.kommune.no](mailto:post@solund.kommune.no) slik at vararepresentantar kan kallast inn.

Vararepresentantar til formannskapet møter etter nærare innkalling.

Saksdokumenta ligg til ettersyn i ekspedisjonen på kommunehuset

### Sakliste

Sak nr.	Sakstittel	
064/24	Skjenkeløyve for Refsøen Gustavsen	
065/24	Skjenkeløyve for Solund Rorbuferie AS	

**Solund kommune**  
20.09.2024

Gunn Åmdal Mongstad  
-ordfører-



## Saksframlegg

**Arkiv:** K2-U63 - Hotell- og restaurantdrift, K3-&18  
**ArkivsakID:** 24/569  
**JournalpostID:** 24/2870  
**Sakshandsamar:** Amund Fuglebakk Aglen  
**Dato:** 05.09.2024

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
061/24	Formannskap	17.09.2024
064/24	Formannskap	26.09.2024
055/24	Kommunestyre	26.09.2024

## Skjenkeløyve for Refsøen Gustavsen

### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Refsøen Gustavsen (org. nr. 926 707 868) får skjenkeløyve for eigedommen Refsøen på Buskøy i Solund for perioden 1. oktober 2024. – 30. september 2028 på fylgjande vilkår:

1. Skjenking av alkohol inntil 22 % kl. 09.00 – 02.00 (søndag 13.00 – 01.00)
2. Skjenking av brennevin (over 22 %) kl. 13.00 – 24.00 alle dagar
3. Tilverknad av alkohol inntil 22 % for skjenking i verksemda
4. Område for skjenking fylgjer eigedomsgrensene til gards- og bruksnummer 58/18, men uteservering skal ikkje forekomme nærare sjøkanten enn 2 meter.
5. Skjenkestyrar er Sverre Roar Gustavsen og stedfortreder er Lars Buskø Gustavsen
6. Årleg minstegebyr for skjenkeløyvet vert senka, jf. alkoholforskrifta § 6-2, 2. ledd. Gebyret skal være være likt det til ein kvar tid gjeldande minstegebyr for sal av alkohol.
7. Elles gjeld føresegna i Alkohollova og Rus og psykiatriplan for Solund kommune 2021 – 2025, kapittel 5

### 17.09.2024 Formannskap

#### Handsaming:

*Felles framlegg om å utsette saka.*

#### Votering:

Felles framlegg om å utsette saka vart samrøystes vedteke.

### **FOR-061/24 Vedtak i:**

#### **Vedlegg i saka:**

06.09.2024 Søknad om skjenkeløyve  
06.09.2024 Uttale til skjenkeløyve for perioden 2024 - 2028  
06.09.2024 Uttale til skjenkeløyve for perioden 2024 - 2028 Refsøen Gustavsven

#### **Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:**

Alkohollova

Alkoholforskrifta

Rus- og psykiatriplan 2021 - 2025 Solund kommune, kapittel 5

#### **Kva saka gjeld:**

Søknad om alminneleg skjenkeløyve

#### **Saksutgreiing:**

26. juli 2024 søkte Refsøen Gustavsven (org.nr: 926 707 868) ved Karin Henriette Hess Gustavsven og Sverre Roar Gustavsven om alminneleg skjenkeløyve for eigedommen Refsøen, gards- og bruksnummer 58/18 på Buskøy.

Refsøen Gustavsven driv i dag overnatting og utleige på eigedommen Refsøen på Buskøy. Dei siste åra har dei i samarbeid med Vidar Hop Skyssbåter og Visit Fjordkysten også arrangert øyhoppingsturar til Nord Solund og Buskøy. Området med bygningsmassen og kaia er regulert til forretning.

Solund kommune sine retningsliner for skjenking følgjer av kapittel 5 av Rus- og psykiatriplan, sist vedteke i K-sak 062/23, og seier følgjande:

«Gjevast til serveringsverksemdar der kommunen meiner at staden sin karakter tilseier at alkoholservering kan forsvarast, jamfør Alkohollova § 1-7a. Gjeld mellom anna overnattingsstader; definert som hotell, motell, pensjonat og båt.

Verksemda må ha godkjent serveringsløyve.

Ved tildeling av løyve må ein definere kva for gruppe alkoholhalding drikk løyvet gjeld.

Gjeld for definert og godkjent areal. Løyvet gjeld utandørs serveringsareal, dersom arealet er klart avgrensa og ligg naturleg knytt til skjenkearealet innandørs.

Det skal vere ein ansvarleg skjenkestyrar og ein vara, begge må vere fylt 20 år og begge skal ha greidd kunnskapsprøva etter alkohollova. Det kan gjerast unntak jamfør § 1-7c i når det verkar urimeleg med omsyn til skjenkestaden sin storleik.

Skjenketider skal fylgje «normaltider» for skjenking, som er 08.00 - 01.00 for gruppe 1 og 2, og 13.00 - 24.00 for gruppe 3.

Det er ikkje sett tak på faste skjenkeløyve i kommunen.

Utøving av løyvet skal til ei kvar tid vere i tråd med fråsegn i lov, forskrift og løyvevedtaket, jamfør § 4-7.

Handsaming: Krav til vandel jamfør § 1-7b.

Fråsegn frå politi og helse- og sosialtenesta vert henta inn, i tillegg kan kommunen innhente fråsegn frå skatte- og avgiftsmynde.

Løyve gjevast etter skjønn jamfør § 1-7a.

Gebyr i samsvar med § 6.2. i «Forskrift av 8. juni 2005 nr. 583 om omsetning av alkoholholdig drikk m.v».

Det er verdt å merke seg at kommunestyre i K-sak 062/23 vedtok at skjenketider ved einskildhøve kan være mellom 08.00 og 02.00 for gruppe 1 og 2, og 13.00 og 24.00 for gruppe 3. Tilsvarande endring vart ikkje gjort for alminnelige skjenkeløyve. Kommunedirektøren trur ikkje denne forskjellen var tilsikta og har difor tilrådd skjenketid til 02.00 også for dette løyvet, sjølv om det er eit alminneleg løyve. Då det er kommunestyret som har vedteke Rus- og psykiatriplan kan det også sjølv fråvike planen.

### **Vurdering:**

Kommunedirektøren tilrår at det vert gjeven skjenkeløyve. Vilkåra i lova, forskrifta og retningslinene er oppfylt, og kommunedirektøren vurderer skjenkeløyvet som eit positivt tiltak som kan oppretthalde aktiviten på Refsøen.

Det er innhenta uttale frå Politiet og Helse og omsorg, begge utan merknad. Kommunedirektøren tilrår å gje løyve som fylgjer eigedomsgrensene, men at uteservering ikkje skal skje nærare sjøkanten enn 2 meter. Kommunedirektøren ynskjer å sikre at det ikkje vert skjenke alkohol til personar i båt eller på bryggekannten for å markere eit tydeleg skilje mellom alkohol og båtliv.

Tiilverknad etter alkohollova § 4-2, 3. ledd er ikkje nærare omtalt i Plan for psykisk helse og rus. Alkohollova § 4-2, 3. ledd opnar for å utvide eit løyve til også gjelde tilverknad av alkohol for skjenking i eigen verksemd. Refsøen Gustavsens hadde løyve til dette i førre periode. Utleigeverksemden og øyhoppinga som allereie føregår på garden har eit sterkt historisk

preg og det vert drifte eige gardsmuseum på eigedommen. Kommunedirektøren vurderer at tilverknaden og skjenking av øl i tradisjon med det som tidligare har vore gjort på garden vil være i tråd med resten av drifta og tilrår difor at også slikt løyve vert gjeven.

I samband med søkeprosessen for nye skjenkeløyve har ein av søkjaraen reist spørsmål om lågare gebyr. Alkoholforskrifta § 6-2 set i 2024 minstegebyret for sal til 1.960,- og minstegebyret for skjenking til 6.100,- men opnar for at gebyret kan setjast lågare i "særlige tilfeller". Det er ikkje mogleg etter forskrifta å sette gebyret til 0,-.

Etter alkoholforskrifta vert det også krevd inn gebyr etter kor mykje alkohol ein har solgt, viss omsetninga er stor nok til at ein overgår minstesatsane. Ingen av dei faste skjenkeløyva i Solund kommune har i førre perioden skjenka så mykje at dei skulle vore i nærheita av minstegebyret for skjenking. Hadde det ikkje vore eit minstegebyr hadde Refsøen Gustavsven blitt fakturert 36,64,- kr. i 2023, i staden for minstegebyret som då var på 5.800,- . Kommunedirektøren vurderer den låge omsetninga er god nok grunn til å sette gebyret lågare enn minstegebyret.

For å lette administreringa av ordningen tilrår kommunedirektøren å nytte minstesatsen for sal også for skjenkeløyva. Også denne satsen langt overgår skjenking etter faktisk forbruk, men då skjenkegebyr skal være med å finansiere administrering og kontroll av skjenke- og salsløyve tilrår ikkje kommunedirektøren eit gebyr som er for lågt. Kommunedirektøren tilrår også at dei ulike skjenkeløyve vert handsama likt, slik at også dei som ikkje søkte om redusert gebyr får det innvilga.

## Søknad om fornyelse av alminnelig skjenkeløyve for eiendommen Refsøen, gnr. 58, bnr. 18, på Buskøy i Solund.

Vi søker om fornyelse av skjenkeløyvet for eiendommen Refsøen Gnr. 58, bnr. 18 i Solund Kommune i tråd med vedtaket/vilkårene gitt i skjenkeløyvet fra Solund Kommune utstedt 06.04.2022.

Buskøy er et gammelt handelssted hvor det har vært drevet gjestgivervirksomhet og skjenkestove fra midten av 1600-tallet. Tidligere eiere av gården hadde egen skjenkestove i gjestgiveriet med «kongelig gjestgiverbevilling og skjenkebevilling» utstedt av flere av dansk kongene på 1600- og 1700-tallet. Det ble skjenket både øl og brennevin. Dette er nærmere beskrevet i «Gards og ættesoga for Solund» bind 2.

Vi arbeider med å utvikle gården og ser for oss at næringsgrunnlaget på gården kan styrkes bl.a. gjennom gårdsturisme og litt utleievirksomhet. Vi har laget langsiktige planer for utvikling av ny næring på gården med utgangspunkt i restaurering av de gamle sjøhusene, gjenoppbygging av driftsbygningen på marka, kultivering av marka og utbygging av utleiehytter på Norde Myra. Vi er fortsatt i startfasen. Vi fikk første gang innvilget skjenkeløyve på gården 06.04.2022 og har drevet litt serveringsvirksomhet og pub i de gamle bygningene på det gamle handelsstedet i årene 2022, 2023 og 2024. Omfanget av skjenking vil fortsatt være begrenset, samtidig har brygging og servering av eget øl blitt en liten attraksjon. Skjenkeløyvet er derfor viktig for besøkende på gården og for å utvikle gården videre. Tilbakemeldingene vi har fått på dette, har vært veldig positive både fra fastboende og fra besøkende. Tilbakemeldingene fra besøkende gjør at vi har tro på at dette på sikt kan bidra til å gi grunnlag for bosetting på gården igjen.

Tips til perfekt onsdag når det er sommar i Solund: Ta Vidar Hop si skyssbåtrute fra Hersvik til Buskøy og bli med på programmet som vertskapet der tilbyr. I dag blei dagen krydra av historieformidling i ord og bilete, guida turløype, museumsbesøk og ny t-skjorte frå kaibutikken. Innlagt i programmet var servering av den beste fiskesuppa - tallerken på brodert duk med utsikt gjennom nystrøkne blondgardiner til hamna og hundrearoser. Ein uforgløymeleg dag i Nord-Solund.



Tilbakemelding fra besøkende og bilder fra Buskøy.

Samtidig har gjestebryggen i tilknytning til rutebåtkaia kommet i drift, noe som har bidratt til at antall besøkende på øya har økt og skapt litt liv igjen på det gamle handelsstedet i sommerhalvåret.



Gjestebrygga er registrert i Norsk Havneguide og tidvis har det vært trangt om plassen på gjestebrygga.

Vi har også fått installert bredbånd på øya i løpet av våren 2020 noe som har vært en forutsetning for å drive næringsvirksomhet på øya. Nye betalingsmåter med Vipps og bankterminal gjør dette enklere.

Vi har etter hvert fått litt erfaring med litt utleie og med ulike arrangementer til bedrifter, kajakk klubber, turlag og ulike foreninger og båtfolk. Samtidig har vi arrangert pubkvelder om sommeren med godt besøk. Dette har vært et populært tiltak, både for lokalbefolkningen og for besøkende.

I forbindelse med disse arrangementene har vi servert enkle lunsjretter (laksesuppe) med drikke til under besøket på Buskøy. Det er snakk om enkle retter som er enkle å tilberede og servere. Vi søkte om og fikk innvilget serveringsløyve våren 2021. Serveringsvirksomheten er meldt til mattilsynet.

Vi ønsker derfor å videreføre dette tilbudet til lokalbefolkningen i Solund, til besøkende og til båtturister på gjestebryggen.

På bakgrunn av dette søker vi om fornyelse av alminnelig skjenkebevilling for alkoholsvak drikke sammen med skjenking av alkoholholdig drikke i gruppe 1, 2 og 3.

Georg Balchen Hess (1848 - 1922) drev landhandel, hadde eget bakeri og brygget sitt eget øl som han skjenket i Borgarstova som sto igjen på gården fra Buschtida.

Som sjette generasjon Hess på Buskøy har vi fortsatt lyst til å føre denne tradisjonen videre. Vi har skaffet oss kunnskaper om ølbrygging og har lært oss å brygge øl til eget bruk. Ølbrygging har blitt en populær hobby.

I alkoholoven § 4.2 åpnes det for å kunne skjenke alkoholholdig drikk som er tilvirket på salgsstedet hvis tilvirkningen og salget vil utgjøre en del av stedets helhetlige karakter og salgstilbud. I dette tilfellet vil det å kunne ta opp igjen denne tradisjonen fra gammelt av med å brygge eget øl, være en viktig del av historien og en viktig del stedets karakter og salgstilbud. Bildene nedenfor viser etikettene som vi har benyttet på vårt eget øl. Motivene på etikettene har lokal forankring og er knyttet til lokal historie og gamle sagn fra Buskøy/Solund. Etikettene bidrar på denne måten til formidling av deler av lokalhistorien.

Vi søker derfor også om fornyelse av bevillingen til skjenking av eget øl som er tilvirket i tilknytning til gården på Buskøy. Dette er et populært tiltak som har blitt en liten attraksjon på gården.





### Lokale øl-etiketter

#### Organisering.

Sverre Roar Gustavsen vil være bevillingshaver. Jeg har avlagt og bestått kunnskapsprøven i alkoholloven vedrørende skjenking av alkoholholdig drikke.

Omfanget av skjenking på Buskøy vil være begrenset og skjenking på gården vil være avhengig av vår egen tilstedeværelse. Behovet for stedfortreder vil være derfor være begrenset.

Vår sønn, Lars Buskø Gustavsen, har imidlertid også avlagt kunnskapsprøven i alkoholloven i tilknytning både salg og skjenking. Lars har jobbet både som skjenkekontrollør i Innlandet og bartender på utesteder i Oslo. Han vil kunne gå inn som stedfortreder dersom det skulle bli behov for stedfortreder i forbindelse med skjenking på gården.

Buskøy 26.07.2024

Karin Henriette Hess Gustavsen

Sverre Roar Gustavsen

#### Vedlegg:

Serveringsløyve Refsøen Gustavsen, org. nr. 926 707 868

Etablererprøven - Sverre Roar Gustavsen

Kunnskapsprøven for Skjenking av alkohol – Sverre Roar Gustavsen

Kunnskapsprøven for Skjenking av alkohol – Lars Gustavsen

Kunnskapsprøven for Salg av alkohol - Lars Gustavsen

Vitnemål fra Bartenderskolen – Lars Gustavsen





Solund kommune  
Hardbakke 26  
6924 Hardbakke

Dykkar referanse:  
24/569– 24/2583

Vår referanse:  
24/28501

Stad, dato:  
Knarvik, 4.9.2024

## Uttale til skjenkeløyve Refsøen Gustavsen

Politiet syner til søknad av 26.7.2024 og dykkar brev av 8.8.2024.

Politiet har ikkje merknader til at det vert gjeve skjenkeløyve

Med helsing

**Ivar Holmaas**

*Fung politiinspektør/politistasjonssjef*

### Sakshandsamar:

Ivar Holmaas

---

**Emne:** SV: Gjeld skjenkeløyve for perioden 2024 - 2028 Refsøen Gustavsven

**Til:** Marit Utvær <Marit.Utvaer@solund.kommune.no>

**Sendt:** 12.08.2024 09:11:34

**Fra:** Marit Andersen Nesse <Marit.Andersen.Nesse@solund.kommune.no>

Helse og omsorg har ingen merknader til søknaden om fornying av skjenkeløyve frå Refsøen, gnr. 58, bnr 18 på Buskøy i Solund, sendt 26.07.24 eller Kommunens anmodning om attendemelding dater 08.08.24.

Venleg helsing

> Marit Andersen Nesse

Leiar Helse og Omsorg

Solund Kommune

Telefon: 412 911 39

-----  
Adresse: Solund kommune, Hardbakke 26, 6924 Hardbakke

Heimeside: [www.solund.kommune.no](http://www.solund.kommune.no)

Solund på film: [https://www.youtube.com/watch?v=1byEX\\_krb8I&pp=ygUGc29sdW5k](https://www.youtube.com/watch?v=1byEX_krb8I&pp=ygUGc29sdW5k)

-----Opprinnelig melding-----

Fra: Marit Utvær <Marit.Utvaer@solund.kommune.no>

Sendt: torsdag 8. august 2024 10:42

Til: Marit Andersen Nesse <Marit.Andersen.Nesse@solund.kommune.no>

Emne: Gjeld skjenkeløyve for perioden 2024 - 2028 Refsøen Gustavsven

Sjå vedlegg



## Saksframlegg

**Arkiv:** K2-U63, K3-&18  
**ArkivsakID:** 24/638  
**JournalpostID:** 24/2874  
**Sakshandsamar:** Amund Fuglebakk  
Aglen  
**Dato:** 06.09.2024

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
063/24	Formannskap	17.09.2024
065/24	Formannskap	26.09.2024
056/24	Kommunestyre	26.09.2024

## Skjenkeløyve for Solund Rorbuferie AS

### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Solund Rorbuferie AS (org. nr. 989 618 326) får skjenkeløyve for Havkroa i Solund for perioden 1. oktober 2024. – 30. september 2028 på fylgjande vilkår:

1. Skjenking av alkohol inntil 22 % kl. 09.00 – 02.00 (søndag 13.00 – 01.00)
2. Skjenking av brennevin (over 22 %) kl. 13.00 – 24.00 alle dagar
3. Løyvet gjeld for heile rorbuanlegget, men skjenking skal skje frå Havkroa (Nordrevågen 16)
4. Skjenkestyrar er Sonja Betty Hjørnevåg og stedfortreder er Tove Hjøennvåg.
6. Årleg minstegebyr for skjenkeløyvet vert senka, jf. alkoholforskrifta § 6-2, 2. ledd. Gebyret skal være være likt det til ein kvar tid gjeldande minstegebyr for sal av alkohol.
7. Elles gjeld føresegna i Alkohollova og Rus og psykiatriplan for Solund kommune 2021 – 2025, kapittel 5

### 17.09.2024 Formannskap

#### Handsaming:

*Felles framlegg om å utsette saka.*

#### Votering:

Felles framlegg om å utsette saka vart samrøystes vedteke.

## **FOR-063/24 Vedtak i:**

### **Vedlegg i saka:**

06.09.2024 Søknad om skjenkeløyve  
06.09.2024 Uttale til skjenkeløyve  
06.09.2024 Uttale til skjenkeløyve

### **Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.:**

Alkohollova

Alkoholforskrifta

Rus- og psykiatriplan 2021 - 2025 Solund kommune, kapittel 5

### **Kva saka gjeld:**

Søknad om alminneleg skjenkeløyve

### **Saksutgreiing:**

29. august 2024 søkte Solund Rorbuferie AS (org.nr: 989 618 326) ved Sonja Betty Hjørneevåg og Tpvve Hjørneevåg om alminneleg skjenkeløyve for Havkroa i Nordre Hjørneevåg.

Havkroa driv i dag restaurant i tilknytning til Solund Rorbuferie i Nordre Hjørneevåg.

Solund kommune sine retningsliner for skjenking fylgjer av kapittel 5 av Rus- og psykiatriplan, sist vedteke i K-sak 062/23, og seier fylgjande:

«Gjevast til serveringsverksemdar der kommunen meiner at staden sin karakter tilseier at alkoholserving kan forsvarast, jamfør Alkohollova § 1-7a. Gjeld mellom anna overnattingsstader; definert som hotell, motell, pensjonat og båt.

Verksemda må ha godkjent serveringsløyve.

Ved tildeling av løyve må ein definere kva for gruppe alkoholhalding drikk løyvet gjeld.

Gjeld for definert og godkjent areal. Løyvet gjeld utandørs serveringsareal, dersom arealet er klart avgrensa og ligg naturleg knytt til skjenkearealet innandørs.

Det skal vere ein ansvarleg skjenkestyrar og ein vara, begge må vere fylt 20 år og begge skal ha greidd kunnskapsprøva etter alkohollova. Det kan gjerast unntak jamfør § 1-7c i når det verkar urimeleg med omsyn til skjenkestaden sin storleik.

Skjenketider skal fylgje «normaltider» for skjenking, som er 08.00 - 01.00 for gruppe 1 og 2, og 13.00 - 24.00 for gruppe 3.

Det er ikkje sett tak på faste skjenkeløyve i kommunen.

Utøving av løyvet skal til ei kvar tid vere i tråd med fråsegn i lov, forskrift og løyvevedtaket, jamfør § 4-7.

Handsaming: Krav til vandel jamfør § 1-7b.

Fråsegn frå politi og helse- og sosialtenesta vert henta inn, i tillegg kan kommunen innhente fråsegn frå skatte- og avgiftsmynde.

Løyve gjevast etter skjønn jamfør § 1-7a.

Gebyr i samsvar med § 6.2. i «Forskrift av 8. juni 2005 nr. 583 om omsetning av alkoholholdig drikk m.v».

Det er verdt å merke seg at kommunestyre i K-sak 062/23 vedtok at skjenketider ved einskildhøve kan være mellom 08.00 og 02.00 for gruppe 1 og 2, og 13.00 og 24.00 for gruppe 3. Tilsvarande endring vart ikkje gjort for alminnelige skjenkeløyve. Kommunedirektøren trur ikkje denne forskjellen var tilsikta og har difor tilrådd skjenketid til 02.00 også for dette løyvet, sjølv om det er eit alminneleg løyve. Då det er kommunestyret som har vedteke Rus- og psykiatriplan kan det også sjølv fråvike planen.

### **Vurdering:**

Kommunedirektøren tilrår at det vert gjeven skjenkeløyve. Vilkåra i lova, forskrifta og retningslinene er oppfylt, og kommunedirektøren vurderer skjenkeløyvet som eit positivt tiltak som kan oppretthalde aktiviten på Havkroa.

Det er innhenta uttale frå Politiet og Helse og omsorg, begge utan merknad. Kommunedirektøren tilrår å gje løyve som gjeld heile rorbuanlegget, men der skjenking skal skje frå Havkroa (Nordrevågen 16).

I samband med søkeprosessen for nye skjenkeløyve har søkjara reist spørsmål om lågare gebyr. Alkoholforskrifta § 6-2 set i 2024 minstegebyret for sal til 1.960,- og minstegebyret for skjenking til 6.100,- men opnar for at gebyret kan setjast lågare i "særlige tilfeller". Det er ikkje mogleg etter forskrifta å sette gebyret til 0,-.

Etter alkoholforskrifta vert det også krevd inn gebyr etter kor mykje alkohol ein har solgt, viss omsetninga er stor nok til at ein overgår minstesatsane. Ingen av dei faste skjenkeløyva i Solund kommune har i førre perioden skjenka så mykje at dei skulle vore i nærheita av minstegebyret for skjenking. Hadde det ikkje vore eit minstegebyr hadde Solund Rorbuerie blitt fakturert 44,13 kr. i 2023, i staden for minstegebyret som då var på 5.800,- .

Kommunedirektøren vurderer den låge omsetninga er god nok grunn til å sette gebyret lågare enn minstegebyret.

For å lette administreringa av ordningen tilrår kommunedirektøren å nytte minstesatsen for sal også for skjenkeløyva. Også denne satsen langt overgår skjenking etter faktisk forbruk, men då skjenkegebyr skal være med å finansiere administrering og kontroll av skjenke- og salsløyve tilrår ikkje kommunedirektøren eit gebyr som er for lågt. Kommunedirektøren tilrår også at dei ulike skjenkeløyve vert handsama likt, slik at også dei som ikkje søkte om redusert gebyr får det innvilga

---

**Emne:** Solund Rorbuferie AS - skjenkeløyve 2024-2028

**Til:** Amund Fuglebakk Aglen <Amund.Fuglebakk.Aglen@solund.kommune.no>

**Sendt:** 29.08.2024 11:07:20

**Fra:** Sonja Betty Hjørnevåg <sonja.hjonnevag@aider.no>

Hei Amund,

Søknad om skjenkeløyve, ingen endring frå siste løyve.

Søker: Solund Rorbuferie AS  
Skjenkestyrar: Tove Hjørnevåg, stedfortredar Sonja Hjørnevåg  
Kor skjenkast Havkroa og uteområdet som er terrassen utanfor kafeen.  
Levering/skjenking til rorbuene skal skje frå Havkroa.  
Kva skal skjenkast: All alkoholholdig drikke  
Vi ynskjer redusert gebyr

Vennleg helsing  
Solund Rorbuferie AS  
Sonja Betty Hjørnevåg



---

**Emne:** SV: Gjeld skjenkeløyve for perioden 2024 - 2028 Solund Rorbuferie AS

**Til:** Amund Fuglebakk Aglen <Amund.Fuglebakk.Aglen@solund.kommune.no>

**Sendt:** 06.09.2024 13:43:43

**Fra:** Marit Andersen Nesse <Marit.Andersen.Nesse@solund.kommune.no>

Ang. søknad om skjenkeløyve frå Solund Rorbuferie AS 2024-2028, ved Tove Hjønnvåg datert 29.08.24. Det er søkt om skjenking av all alkohol haldig drikke, ein presiserar etterfølgelse av Alkohollovens paragraf § 4-4.Tidsinnskrenkninger for skjenking av alkoholholdige drikker.

Kommunen har bedt om attendemelding frå Helse og omsorg 29.08.24.

Helse og omsorg har ingenting å bemerke angående søknad.

Venleg helsing

> Marit Andersen Nesse

Leiar Helse og Omsorg

Solund Kommune

Telefon: 412 911 39

-----  
Adresse: Solund kommune, Hardbakke 26, 6924 Hardbakke

Heimeside: [www.solund.kommune.no](http://www.solund.kommune.no)

Solund på film: [https://www.youtube.com/watch?v=1byEX\\_krb8I&pp=ygUGc29sdW5k](https://www.youtube.com/watch?v=1byEX_krb8I&pp=ygUGc29sdW5k)

-----Opprinnelig melding-----

Fra: Amund Fuglebakk Aglen <Amund.Fuglebakk.Aglen@solund.kommune.no>

Sendt: torsdag 29. august 2024 11:32

Til: Marit Andersen Nesse <Marit.Andersen.Nesse@solund.kommune.no>

Emne: Gjeld skjenkeløyve for perioden 2024 - 2028 Solund Rorbuferie AS



Solund kommune  
Hardbakke 26  
6924 Hardbakke

Dykkar referanse:  
24/638- 24/2797

Vår referanse:  
24/64358

Stad, dato:  
Knarvik, 30.8.2024

## Uttale til skjenkeløyve 2024-2028 Solund Rorbuferie AS

Politiet syner til søknad av 29.8.2024 og dykkar brev av 29.8.2024.

Politiet har ikkje merknader til at det vert gjeve skjenkeløyve.

Med helsing

**Ivar Holmaas**

*Fung politiinspektør/politistasjonssjef*

### Sakshandsamar:

Ivar Holmaas